



GURSKEN CUP 2013

Regnvåt fotballglede for store og små

Det var regn, regn og atter regn da Gursken IL arrangerte sin årlege fotballcup for born og ungdom søndag 1. september. Innimellom var det også ein god porsjon fotballaktivitet for dei fire laga som representerte Sandsøy IL på River Plate Kunstgrasbane ved Vågen Skule i Gurskebotn.

Alle laga var også denne gongen i samarbeid med Kvamsøy IL. Ein gjeng gutar og jenter opp til sju år prøvde seg for første gong mot ukjende motstandarar. I tillegg var laga J10, G10 og G13 med. Dei eldste spelte skikkeleg cup, der dei innleiande kampane skulle leggje grunnlaget for ein kamp mellom dei to beste. Det heile vart ein opptur, sjølv om Vankam til slutt vart for sterke i finalen. Uansett ei positiv oppleving for gutane og jentene som har gått frå tap til tap i seriekampane.

Dei tre yngste laga la som vanleg ned ein formidabel innsats, og sjølv sagt var det både spennande og litt skummelt for dei aller yngste som prøvde seg for første gong. Eit positivt tiltak av dei ansvarlege!

Som vanleg på slike cupar, spelar ein minimum tre kampar kvar. Motstandarar for G10 var Volda, Hasundgot og Gjerdsвика. J10 møtte Hasundgot, Hareid og Moltustranda, medan førstereisgutane og –jentene prøvde seg mot Hødd, Gurskøy og Moltu.

Vankam var første motstandar for G13-laget, og resultatet vart 2-2. I andre kamp vart Gursken slått med 3-2, før det vart overtydande 6-1 mot Larsnes i siste kamp i gruppespelet. Med sju poeng bar det rett til finale, der Vankam trakk det lengste strået med 3-1. Sjølv om det til slutt enda med nederlag, var alle tydeleg nøgde med sølvet. Alt i alt var det ein kjekk dag for fotballglade øyingar i regnholet Gursken.